

Sonja Reite er hovudutstiller i år

– Har du høyrt om skrekkblanda fryd? seier Sonja Reite og legg til at ho er kjempeglad for å bli spurd.

VIDAR PARR

For det er Sonja Reite som skal vere hovudutstiller hos Galleri Brødrene Vik på vår- og sommarutstillinga i år. Utstillinga som skal opnast fredag som ein viktig og god tradisjon under første del av Kosterikjedagane. Sonja er syvding og vender altså, som så mange utflytte desse dagane, heim frå sitt eksil – som for hennar del er i Ålesund.

Ho er forresten nett attkomen frå ein tur off-shore der ho jobbar som kokk.

– Eg veit ikkje kor vanleg det er å kombinere off-shore-arbeid med måling og kunst, men for meg fungerer det fint. Eg jobbar med dette i friperiodane og får strukturert kvar dagen min og dyrka ei interesse som betyr mykje for meg, seier ho.

– Korleis det byrja? Eg har alltid vore kreativ og drive med sying, strikking, teikning og slike ting. Men det var på eit teiknekurs i Volda kring tusenårsskiftet at eg vart oppmoda til å söke kunstskulen. Så gjorde eg det. Og eg fekk stilt ut og selt biletet, blant anna hos Galleri Brødrene Vik i Syvde, og så balla det på seg – og her er eg no, seier Sonja Reite. Ho har altså stilt ut i Syvde før. Og ho har laga biletet både til Solsikkeprisen og til kulturprisen i Vanylven. Ho har også vore utstiller hos Galleri Brødrene Vik før, i 2007. Og Sonja Reite er elles utstilt i fleire galleri.

– Denne gongen kjem eg mest med akrylbilete, men også nokre akvarellar. Eg har starta litt med det i det siste – der eg brukar ein collage-teknikk som eg synest er spennande. Elles er eg eit øydeland når det gjeld maling. På akrylbileta basar eg på, for så å vaske vekk og skrape. Det høyrest ganske vilt ut, men det er ein måte å få fram dei strukturane eg vil ha. Eg byrjar gjerne med eit bestemt motiv – til dømes eit hus, men det gir som regel ut og blir noko helt anna



TYSDAG kom Sonja med biletet som skal stillast ut i år. Mange flotte og spanande arbeid som skal få sin plass på veggen til opninga i morgon.

enn det som var utgangspunktet. Siste tida ha er forresten mala ein del ansikt. Somme seier at eg fortel ei historie gjennom biletet mine. Kanskje dei har rett, seier Sonja Reite.

– Eg har gode erfaringar med å stille ut hos Kjellaug og Birger, og eg gler meg stort, sjølv om det er med ei viss skrekkblanda fryd. Ein veit liksom ikkje korleis det ein kjem med, blir motteke. Eg håper naturlegvis folk vil like det dei ser og kanskje finne noko dei kunne tenkje seg å kjøpe. Men slik veit ein aldri på førehand. Kjekt blir det nok i alle fall, seier Sonja Reite.

HAVN for reisede (Akrylmåleri)



Også foto på utstillinga i år



Svein Vidar Nykrem har presentert mange motiv hovudsakleg frå Syvde-området siste åra, og vist eit klar fotografisk talent mange har sett pris på. Ikke minst gjennom Facebook har biletet hans blitt populære. I skiftande lys og under ulike årstider har Nykrem fotgrafert lokalt landskap, men og fuglar og andre motiv.

I Galleri Brødrene Vik har det ei tid vore utstilte biletet teke av han, og ved utstillinga som opnar i morgen er nye biletet klare.

Kjersti Blopp Grønning er frå Trondheim og var på fototur i Vanylven i april 2014. Ho er oppteken av menneske og fotografar i svart/kvitt. Sjølv kallar ho opphaldet i Vanylven for ei skatte-jakt. Ho brukar "gammaldags" film fordi, som ho seier: "Det romantiserer en fornemmelse

FOTO: Svein Vidar Nykrem stiller ut biletet med motiv frå Syvde. Her er Nykrem fotografert "i felten". Biletet er eit utsnitt av foto teke av Anne-Marit Frøiland

av av å stoppe tiden". Og i det tre ti-dels sekundet blendaren er open vil ho fange eit uthyksom avslører kven vi er når vi senkar gjerdet vi omgir oss med, slepper fasaden og umedvite avslører dei ekte kjenslene våre.

Ho har kalla det lokale prosjektet "En du er glad i". Det handlar om å portrettere karakterar i Vanylven, skriv ho i etterkant. Og ho hengjer på ei takk for eit triveleg opphold der "byfolk i bygda" var tekne godt vare på.

På utstillinga hos Galleri Brødrene Vik kan vi altså sjå og få høve til å kjøpe ein del av dei portretta ho laga våren 2014.



FOTO: Kjersti Blopp Grønning tok ein del biletet i Vanylven i 2014. Ho var også innom redaksjonen i Synste Møre - der vi knipsa dette biletet av henne med Hasselbladkameraet ho nytta til portrettfotografia sine.
(FOTO: Vidar Parr)